

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VI. INNSKRIFTER ELLES MED SETNINGSFORM

[**845**] N-37975. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 49; 1990b: [42]; 1994c: 258 ff, 265.)

Gjenstanden innskripta står på, er ein del av eit sponskaft av tre. Den bevarte biten er 60 mm lang, 19 mm brei og 7 mm tjukk. Det er utskore ornamentikk i Urnes-stil på oversida og runer på undersida av skaftet. Funnet vart gjort i 1976, felt FL, hovudfase 4. Det vil seia at funnkonteksten arkeologisk kan daterast til andre halvdel av 1000-talet.

Innskripta startar i brotkanten av skaftet og har såleis berre bevart ein del av slutten. Den delen som er att, er 27 mm lang, og runene er frå 17 til 19 mm høge. Av r. 1, som står i sjølve brotkanten, er berre staven att. Om det har vore kvistar til venstre eller ei, kan såleis ikkje avgjerast slik innskripta er bevart. Bogen på r. 2 (**r**) er open. R. 4 har eit merke i veden som kan vera punktering. Det er likevel vanskeleg å avgjera sikkert om merket er gjort med reiskap eller ei. Resten av innskripta er godt bevart og utan problem med omsyn til lese måte:

--.] R þ t(?) ð t t t t

--.] **r þ e(?) u n a n a**

---ge]rði unan á `---] gjorde glede, nyting på

Sekvensen frå r. 1-4, **-irþe**, må med eit visst atterhald kunna oppfattast som 3. pers. sg. pret. indikativ av verbet *gera*. Tolkinga av den vidare samanhengen synest likevel nokså open. Sekvensen **unana** gjer det mogleg å segmentera i **unan** og **a**, der det første vil kunna stå for *unan* f = "Behagelighed, Glæde, Lyst, Nydelse" (Blöndal). Ordet er ordboksført som nyislandsk (jf. også Torp 1919: 836), helst i forma *unun* f, men Torp (1974: 21) held på at det må vera ei avleiing med "(samgermansk) grunnform *-ôni* (g.norsk *-un, -an*)". Dette var primært danna på grunnlag av *_*-verb, men også *_*-verb kunne vera utgangspunkt, nokre rett nok "jamlaga etter *_*-verbi". Torp ser substantiv som *agan* f (fare, ufred), *hugan* f (omtanke), *skopan* f (fliring, spott) som avleiingar parallelle med *unun/unan*. Dette ordet har han rett nok berre belegg for i samansetjinga *ununarsamr* adj. Seip (1955: 124) viser til at substantiv danna på denne måten har form med *-an* alt i dei eldste norske hss., medan dei eldste islandske har *-on*. Dette gir til

saman eit visst grunnlag for å sjå sekvensen **unan** som substantivet *unan* f. I tilfelle må det her vera akkusativ sg. ettersom det tykkjest vera objekt til verbet *gera*. Den arkeologiske datering av funnkonteksten tyder på at vi har å gjera med ei relativt gammal innskrift. Er tolkinga då rett, kan forma her tyda på at den utjamninga av endinga *-on* > *-an* i desse feminine i-stammene har skjedd i god tid før overgangen er attestert i dei eldste norske handskriftene.

Setningsslutten *-(g)erði unan á* gir ein vanleg norrøn setningskonstruksjon med preposisjon i absolutt eller diskontinuerleg stilling slik vi har det i N774 ovanfor. Meininga vil her kunna vera at nokon eller noko legg nyting til (maten?). Det vil vera rimeleg å gissa på at subjektet til *(g)erði* her har vore eit personnamn. På eit skeiskaft vil vel eit slikt ønske om god appetitt ikkje vera så heilt utenkjeleg, spesielt ikkje på ei skei som i tillegg er prydd aldri så lite med utskjeringar til frygd også for auga.